

Fra Reidt Andersen, Sottrø.

HJARTE. SAKA

Rapport om hjarte-karundersøkinga



HORDALAND I, SLUTTRAPPORT

7. juni 1993

SLUTTRAPPORT FOR HJARTE-KARUNDERSØKINGA - FYRSTE RUNDE

♥ TOTALT FRAMMØTE: 73.4%

... Side 2

♥ BESTE FRAMMØTE: Jondal 94.3%

... Side 2

♥ RISIKOVARIABLANE FOR HEILE FYLKET:

- KOLESTEROL: Bra!

... Side 3

- TRIGLYSERIDAR: Lågast av alle fylka blant kvinner!

... Side 3-4

- BLODTRYKK: Gode resultat!

... Side 4

- RØYKING: Kvinnene ligg lågt!

... Side 4

- INFARKTRISK: Ligg særskilt godt an!

... Side 5

♥ 9,9% TILRÅDD ETTERUNDERSØKING

... Side 6-7

INNLEIING

Fyrste runde av hjarte-karundersøkinga i Hordaland starta i Meland kommune 2. april 1992 og vart avslutta i Bergen 2. april 1993. Vi ber om at medisinsk-ansvarleg lege i kvar kommune sørger for at denne sluttrapporten vert distribuert til, eventuelt sirkulerer blant, alle allmennpraktikarar og helsestrær i kommunen. Resultata kan gjerne nyttast til utarbeiding av kommunehelseprofilar e.l. og til samanlikning med andre kommunar og med heile fylket. Ein god framgangsmåte for å gjere resultata kjende i lokalsamfunnet, er å ta kontakt med lokalavis og nærradio.

På side 10 og 11 i denne sluttrapporten presenterer vi resultata for alle dei undersøkte kommunane i Hordaland. Tala må tolkast med varsemd, fordi talet på undersøkte i enkelte av kommunane er lite. Det bør ikkje leggjast stor vekt på siste desimal ved samanlikning av kommunane.

Ved fyrste runde i Hordaland vart aldersgruppene 40-42 år inviterte til undersøkinga. I denne runden var det kvinner og menn fødde i 1950, -51 og -52 som fekk tilbodet. I fire kommunar har også dei som er fødde i 1925, -26 og -27 hatt tilbodet.

Alle som deltok i undersøkinga har fått *SVARBREV* med personlege resultat og individuelle råd. Kolesterolverdi, blodtrykk, høgde, vekt, røykjevanar og mosjon står i svarbrevet.

INVITERTE OG FRAMMØTTE

For heile fylket enda vi opp med eit frammøte på 73.4%. Det var *Jondal* som tok fyrsteprisen med 94,3% frammøtte. Fedje låg også godt an med 86,4% og Granvin med 84,8%.

FRAMMØTE							
FYLKE	ÅR	INVITERTE (talet på)			MØTTE (%)		
		Menn	Kvinner	Total	Menn	Kvinner	Totalt
Sogn og Fjordane	1990	2035	1865	3900	78.3	87.0	82.5
Finnmark	1990	1886	1579	3465	63.4	76.3	69.2
Vest-Agder	1990	3068	2786	5854	68.7	78.2	73.2
Møre og Romsdal	1990	4974	4608	9582	74.1	85.4	79.5
Akershus	1990-91	10025	9781	19806	64.5	73.0	68.7
Oppland	1991	3971	3857	7828	68.0	77.8	72.8
Hedmark	1991	4089	3844	7933	69.1	78.5	73.7
Vestfold	1991	4329	4247	8576	61.1	73.1	67.0
Troms	1991-92	3465	2974	6439	72.3	81.3	76.4
Nordland	1991-92	5207	4680	9887	69.4	79.0	73.9
Rogaland	1991-92	7558	6709	14267	60.4	72.0	65.9
Østfold	1991-92	5212	5084	10296	65.9	74.8	70.3
Aust-Agder	1992	2225	2024	4249	62.0	73.7	67.5
Nord-Trøndelag	1992	2787	2602	5389	68.7	79.2	73.8
Telemark	1992	3460	3381	6841	66.1	74.3	70.2
Sør-Trøndelag	1992-93	5469	5135	10604	70.8	79.6	75.1
Buskerud	1993	4917	4813	9730	65.1	73.6	69.3
Hordaland	1992-93	8983	8313	17296	68.5	78.6	73.4

FORSKJELLAR MELLOM KOMMUNANE

Om vi ser på resultata for dei einskilde kommunane i fylket, ser vi at det er dels store forskjellar. I Kvam kommune ligg menn bra an med kolesterolnivå på 5.33 mmol/l i motsetnad til Bømlo med 5.93 mmol/l for menn. Når det gjeld prosent daglegrøykjarar er det også dels store forskjellar. Eidfjord og Modalen kommune har 50.0 % daglegrøykjarar, medan Ølen og Jondal kommune har 26.3% og 28.0% daglegrøykjarar. Når det gjeld risiko for hjarte-karsjukdom ligg Jondal og Granvin lågast, medan Fedje og Masfjorden ligg høgast. Desse forskjellane mellom kommunar kan vera utfordingar og vegvisarar i det førebuande arbeidet.

VERDIANE FOR RISIKOVARIABLANE I HORDALAND I FORHOLD TIL ANDRE FYLKE


Vi har no resultata frå undersøkingar av 40-42-åringar i til saman 18 fylke. Data frå alle desse undersøkingane kan samanliknast: Dei omfattar same snevre aldersgruppe, som er undersøkt med same metodikk. Blodanalysane er utførte ved same laboratorium (Ullevål sjukehus) og med same metode. Vi vil no sjå nærmere på korleis Hordaland ligg an i forhold til dei andre undersøkte fylka. Vi legg særleg vekt på verdiane i Hordaland i forhold til dei fylka som har høgast og lågast verdiar. Dei grafiske framstillingane visar også kor Hordaland ligg i forhold til landsgjennomsnittet. Dette gjennomsnittet er rekna ut på grunnlag av den siste runden i alle dei 18 fylka som er undersøkte så langt (1990-93).

KOLESTEROL: Kolesterolnivået blant menn i Hordaland viser bra resultat med berre to fylke føre seg. Kvinnene ligg omrent midt på treet. Menn har 5,73 mmol/l og kvinnene har eit kolesterolnivå på 5,38 mmol/l saman med Vest-Agder. Mennene i Aust-Agder har lågast gjennomsnitt av alle med 5,65 mmol/l. Finnmark toppar lista for menn. Også for kvinner finn vi Finnmark øvst, medan Buskerud ligg lågast.


Sida midt på 70-talet har befolkninga sitt gjennomsnittlege kolesterolnivå sunke. I Finnmark låg nivået markert høgare ved tidlegare undersøkingar i 1974 og 1977. Resultata frå andre runden i Sør-Trøndelag og Vest-Agder i 1988-90 viste eit markert lågare kolesterolnivå, 0,3 mmol/l, enn hos første generasjon 40-42-åringar som vart undersøkte tre år tidlegare. Dette gjaldt både menn og kvinner.

Utviklinga i dei fylka der andre og tredje runde av undersøkingane har vore gjennomført i 1991-93, kan tyde på at nedgangen er i ferd med å snu. Derfor er dei gode resultata frå Hordaland gledelege - dei pekar i riktig retning for helseutviklinga framover.

Kolesterol - menn



Kolesterol - kvinner




TRIGLYSERIDAR: Vi ser av tabellen på side 5 at triglyseridnivået i Hordaland er lågast av alle dei undersøkte fylka hos kvinner, medan menn har nest lågast etter Sogn og Fjordane. I dei andre fylka har det vore stigning i triglyseridnivået. Hedmark ligg på topp blant menn. Kvinnene i Finnmark har høgaste verdi.

Triglyseridprøva er ved screening ikkje teke fastande. Ved vurdering av den enkelte pasient må ei ny prøve takast etter 10-12 timer med faste, dersom nivået ved screening tilseier oppfølging (sjå side 8).


BLODTRYKK: For systolisk blodtrykk har menn i Hordaland den femte lågaste verdi. Kvinnene har den andre lågaste verdi rett etter Aust-Agder som ligg på fyrste plass. Hedmark har høgaste verdiar både for menn og kvinner av alle dei undersøkte fylka, medan Finnmark ligg lågast blant mennene.

For diastolisk blodtrykk har mennene tredje lågaste verdi saman med Oppland og Vest-Agder. Kvinnene ligg på andre plass. Aust-Agder har den lågaste trykk for begge kjønn. Mennene i Østfold og kvinnene i Nordland har høgast verdiar.

Systolisk blodtrykk - menn




Systolisk blodtrykk - kvinner




RØYKING: Prosentdel dagleg røykjande menn blant 40-åringane i Hordaland er 41,0% og dei har berre fire fylke føre seg på lista som alle har ein lågare prosent dagleg røykjjarar. Kvinnene ligg enda betre an på andre plass nest etter Rogaland som ligg lågast. Finnmark har høgaste del røykjjarar både for menn og kvinner, medan Nord-Trøndelag ligg lågast hos mennene.

Dagleg røyking - menn



Dagleg røyking - kvinner




INFARKTRISK: Risikoen for hjarteanfarkt denne fyrste runden viser at både menn og kvinner i Hordaland ligg meget godt an samanlikna med andre fylke. Mennene ligg på andre plass saman med Nord-Trøndelag nest etter Aust-Agder som har lågast verdi. Kvinnene ligg godt an saman med Buskerud med tredje lågaste verdi. Akershus er best for kvinnene. Finnmark har høgast verdiar både for menn og kvinner.


For alle fylke har vi rekna ut infarktrisk etter det systemet vi nyttar for tida, der faktortal for kolesterol, systolisk blodtrykk, dagleg sigarettforbruk, hjartesjukdom i familien og kjønn inngår i utrekninga. Sjølv små endringar i risikofaktorane kan gi forholdsvis store utslag på den samla infarktrisken.

Når ein tolkar kommuneverdiane skal ein vere klar over at enkeltpersonar med svært høg infarktrisk har stor innverknad på gjennomsnittet, særleg i dei minste kommunane.

Infarktrisk - menn



Infarktrisk - kvinner



På side 6 har vi laga ei samanstilling av resultata frå siste runde av fylkesundersøkingane. Denne samanstillinga viser gjennomsnittsverdiane for risikofaktorane for menn og kvinner i 18 fylke. Det er stor spreiing frå dei beste til dei dårligaste fylka. Prosent daglegrøykjarar blant menn varierer mellom 36,4% i Nord-Trøndelag til 56,1% i Finnmark. Også gjennomsnittleg kolesterolverdi viser stor spreiing. Dette gjer seg utslag i store forskellar i infarktrisk fylka imellom. Finnmark kjem dårligast ut med nesten 19 eininger meir enn Aust-Agder. Fylka er ordna kronologisk, slik at det "ferskaste" fylket står nest i tabellen.

På side 9 har vi sett opp figurar som viser risikofaktorar i dei tre fylka som til nå er undersøkte ein gong: Troms (1991), Hordaland (1992-93) og Buskerud (1993).

65 - 67 - åringane

Resultata fra dei fire kommunane kan samamliknast med same aldersgruppe undersøkt i Nord-Trøndelag 1989 og Møre og Romsdal 1990. Andel daglegrøykjarar blant menn i disse fylka er lågast i Hordaland, medan kvinnene ligg høgast. Møre og Romsdal har lågast andel daglegrøykjarar hos kvinnene. Kolesterolnivået hos menn og kvinner er høgast Hordaland, medan Møre og Romsdal ligg lågast. Samla infarktrisk for både menn og kvinner er høgast i Hordaland og lågast i Nord-Trøndelag.

GJENNOMSNITTSVERDIAR

Fylke	År	Talet på screening-u.s.	Serum-kolesterol mmol/l	Serum triglyseridar mmol/l	Systolisk blodtrykk mmHg	Diastolisk blodtrykk mmHg	Dagleg-røykj. %	Infarkt-risk eininger
<i>Menn</i>								
Sogn og Fjordane	1990	1593	5.77	1.98	134.4	80.8	43.3	34.4
Finnmark	1990	1195	6.16	2.25	132.0	79.9	56.1	50.6
Vest-Agder	1990	2108	5.76	2.14	133.2	80.7	45.0	34.6
Møre og Romsdal	1990	3686	5.71	2.03	135.7	81.2	44.5	36.3
Akershus	1990-91	6468	5.79	2.23	134.7	82.0	39.6	34.0
Oppland	1991	2702	5.79	2.37	135.3	80.7	42.5	34.3
Hedmark	1991	2827	5.85	2.41	137.0	82.6	42.7	38.9
Vestfold	1991	2645	5.78	2.24	134.0	81.3	43.1	35.4
Troms	1991-92	2505	6.02	2.00	134.0	82.0	47.1	45.1
Nordland	1991-92	3614	6.01	2.12	135.9	82.3	47.0	44.6
Rogaland	1991-92	4566	5.88	2.12	133.4	81.2	41.2	35.9
Østfold	1991-92	3434	5.85	2.34	136.0	83.1	43.7	38.9
Aust-Agder	1992	1379	5.65	2.08	132.4	79.3	42.6	32.0
Nord-Trøndelag	1992	1915	5.78	2.26	135.0	81.9	36.4	32.9
Telemark	1992	2288	5.77	2.26	134.7	81.3	42.8	33.7
Sør-Trøndelag	1992-93	3870	5.93	2.21	135.0	81.8	40.4	38.9
Buskerud	1993	3201	5.75	2.21	135.0	81.1	38.6	33.5
Hordaland	1992-93	6155	5.73	1.99	133.5	80.7	41.0	32.9
<i>Kvinner</i>								
Sogn og Fjordane	1990	1623	5.45	1.26	125.0	76.6	38.7	4.2
Finnmark	1990	1204	5.78	1.54	124.3	76.6	55.2	6.2
Vest-Agder	1990	2178	5.38	1.35	124.6	77.0	38.8	4.3
Møre og Romsdal	1990	3935	5.35	1.28	125.7	76.7	43.2	4.5
Akershus	1990-91	7139	5.33	1.28	124.6	76.8	39.0	4.1
Oppland	1991	2999	5.44	1.45	125.4	76.4	42.7	4.6
Hedmark	1991	3017	5.44	1.52	127.9	78.3	43.1	4.9
Vestfold	1991	3104	5.39	1.34	124.6	76.9	41.5	4.5
Troms	1991-92	2417	5.61	1.32	125.4	78.4	47.9	5.6
Nordland	1991-92	3696	5.60	1.33	127.5	78.6	47.7	5.7
Rogaland	1991-92	4830	5.47	1.28	124.2	76.8	36.6	4.4
Østfold	1991-92	3803	5.44	1.38	126.5	78.0	40.8	4.9
Aust-Agder	1992	1491	5.35	1.29	123.2	75.7	39.8	4.5
Nord-Trøndelag	1992	2060	5.45	1.46	126.0	77.8	42.5	4.6
Telemark	1992	2512	5.34	1.35	125.5	76.7	42.2	4.2
Sør-Trøndelag	1992-93	4089	5.48	1.35	124.6	76.8	43.0	4.6
Buskerud	1993	3544	5.32	1.32	125.3	76.4	39.6	4.3
Hordaland	1992-93	6534	5.38	1.21	123.9	76.5	38.4	4.3

ETTERUNDERSØKING

I alt 271 personar, 9,9% av dei frammøtte, vart tilrådd etterundersøking. Av dei som møtte, vart 5,3% viste til etterundersøking på grunn av høg infarktrisk, 2,1% pga. høgt blodtrykk, 1,6% pga. høgt kolesterolnivå og 2,2% pga. symptom som kan tyde på angina pectoris.

For heile fylket har ein tal som er av ein interessant storleik, og som tillet samanlikning med dei andre fylka. Tabellen på side 7 er sett opp med tanke på dette. (Dei fylkesvisse forskjellane reflekterer i stor utstrekning forskjellane i gjennomsnittsverdiane, som vi har kommentert tidlegare.)

TILRÅDD ETTERUNDERSØKING: Prosent av dei som møtte til screening, fordelt etter kriterium for tilråding*.

Fylke	År	Talet på screening-u.s.	Blod-trykk	Kole-sterol	Infarkt-risk	Symp-tomar	% Etter-u.s. uansett kriterium
Menn							
Sogn og Fjordane	1990	1593	3.3	3.9	11.5	1.8	16.8
Finnmark	1990	1195	1.1	8.9	21.9	4.3	28.3
Vest-Agder	1990	2108	3.1	2.96	11.6	2.1	17.2
Møre og Romsdal	1990	3686	2.5	3.3	13.4	3.0	18.7
Akershus	1990-91	6468	3.3	2.7	11.2	1.9	16.5
Oppland	1991	2702	3.0	3.3	11.4	2.3	16.9
Hedmark	1991	2827	5.2	4.2	14.1	2.5	21.5
Vestfold	1991	2645	3.4	4.2	12.7	1.4	17.6
Troms	1991-92	2505	3.4	5.8	17.4	3.3	23.4
Nordland	1991-92	3614	4.0	5.7	16.6	2.3	23.1
Rogaland	1991-92	4566	2.7	3.9	12.7	2.0	17.8
Østfold	1991-92	3434	4.3	3.6	13.2	2.3	19.9
Aust-Agder	1992	1379	1.4	2.1	6.7	1.0	15.2
Nord-Trøndelag	1992	1915	3.2	3.2	10.9	1.8	16.4
Telemark	1992	2288	3.3	3.0	12.1	2.3	18.1
Sør-Trøndelag	1992-93	3870	3.4	4.6	14.0	2.2	19.8
Buskerud	1993	3201	3.9	2.9	11.3	2.6	17.7
Hordaland	1992-93	6155	3.2	2.7	10.6	2.0	16.0
Kvinner							
Sogn og Fjordane	1990	1623	1.0	1.0	0.0	1.5	3.6
Finnmark	1990	1204	0.1	1.7	0.2	5.1	6.9
Vest-Agder	1990	2178	1.5	0.9	0.2	2.4	4.7
Møre og Romsdal	1990	3935	0.9	0.8	0.2	2.8	4.6
Akershus	1990-91	7139	1.3	0.3	0.1	2.5	4.2
Oppland	1991	2999	1.5	0.6	0.1	2.4	4.4
Hedmark	1991	3017	2.2	0.5	0.1	3.1	5.8
Vestfold	1991	3104	1.5	0.7	0.1	2.0	4.2
Troms	1991-92	2417	1.4	1.3	0.1	4.1	6.7
Nordland	1991-92	3696	1.7	0.8	0.2	3.1	5.6
Rogaland	1991-92	4830	1.1	0.7	0.1	2.5	4.4
Østfold	1991-92	3803	1.5	0.5	0.2	2.8	4.9
Aust-Agder	1992	1491	0.8	0.3	0.2	1.5	3.6
Nord-Trøndelag	1992	2060	1.6	0.8	0.1	2.4	4.9
Telemark	1992	2512	1.3	0.4	0.0	3.3	5.0
Sør-Trøndelag	1992-93	4089	1.5	0.8	0.0	2.8	5.2
Buskerud	1993	3544	1.5	0.5	0.1	3.0	5.0
Hordaland	1992-93	6534	1.1	0.6	0.2	2.4	4.2
Totalt							
Sogn og Fjordane	1990	3216	2.1	2.4	5.7	1.6	10.1
Finnmark	1990	2399	0.6	5.3	11.0	4.7	17.5
Vest-Agder	1990	4286	2.3	1.9	5.8	2.3	10.9
Møre og Romsdal	1990	7621	1.7	2.0	6.6	2.9	11.4
Akershus	1990-91	13607	2.3	1.4	5.4	2.2	10.0
Oppland	1991	5701	2.2	1.9	5.5	2.4	10.3
Hedmark	1991	5844	3.6	2.3	6.9	2.8	13.4
Vestfold	1991	5749	2.3	2.3	5.9	1.7	10.4
Troms	1991-92	4922	2.4	3.6	8.9	3.7	15.2
Rogaland	1991-92	9396	1.9	2.3	6.2	2.3	10.9
Nordland	1991-92	7310	2.8	3.2	8.3	2.7	14.3
Østfold	1991-92	7237	2.8	2.0	6.4	2.6	12.0
Aust-Agder	1992	2870	1.1	1.3	3.6	1.2	9.1
Nord-Trøndelag	1992	3975	2.3	2.0	5.3	2.1	10.4
Telemark	1992	4800	2.3	1.6	5.8	2.8	11.2
Sør-Trøndelag	1992-93	7959	2.5	2.6	6.8	2.6	12.3
Buskerud	1993	6745	2.7	1.7	5.4	2.8	11.0
Hordaland	1992-93	12689	2.1	1.6	5.3	2.2	9.9

* I de fire midtre kolonnane er medrekna personar som også er tilrådd etterundersøking pga. andre kriterium. Av denne grunn vil summen av prosentane kunne overstige prosent som er tilrådd etterundersøking totalt.

LANG TIDS OPPFØLGING

For mange av dei som vart tilrådd etterundersøking, vil det bli nødvendig med oppfølging med nye kontrollar, rettleiing og råd. Dette vart teke opp under kursa som vart halde ved starten og vi viser også til "Håndboken". Det er ofte slik at hogrisiko-personane tek eit skippertak i tida like etter at dei har fått råd og rettleiing, men så etter ei tid dabbar det heile av, og verdiane sklir tilbake til gammalt nivå. Nye regelmessige kontaktar med råd og oppmuntring kan forhindre ei slik utvikling.

Vi minner om at eitt eksemplar av meldekorta skal sendast til Statens helseundersøkelser - med baksida utfylt. Vi ber alle allmennpraktikarar vere venleg å sjå til at meldekorta vert sende inn 4 månader etter undersøkinga. Korta vil bli databehandla ved SHUS.

NYTT BESØK I 1995

Undersøkinga kjem etter planen tilbake om 3 år, dvs. 1995. Da vil vi invitere til screening dei som har fylt 40 år sidan sist (kvinner og menn fødde 1953, -54 og -55).

LISTE OVER ALLE SOM MØTTE TIL UNDERSØKING

Ei liste over alle som møtte fram til hjarte-karundersøkinga, er no distribuert til medisinsk-fagleg ansvarleg lege i kommunen (jf. "Håndboken" side 87). Lista er ordna etter lege som den enkelte person ønska skulle ta hand om etterundersøkinga, og vi går ut frå at medisinsk-ansvarleg lege har sørgra for at listene er vidaresende til den enkelte allmennpraktikar. Allmennpraktikaren kan slå opp i lista ved framtidige konsultasjonar og nytte resultata som referanseverdiar.

Som nemnt i "Håndboken", er det ingen spesiell auke i risiko ved dei grenseverdiar som er nytta for tilråding om etterundersøking. Også personar *under* grenseverdiane vil ha risiko for hjarte-karsjukdom, og det kan vere aktuelt å vurdere om ein bør invitere nokon av desse til førebyggjande konsultasjon. Dei som har gjennomgått hjartefarkt eller har angina pectoris, kan gjerne prioriterast.

Elles kan ein ta utgangspunkt i verdiane for infarktrisk, og starte med dei som ligg høgast, og ein kan trekke triglyseridverdien, fysisk inaktivitet og eventuell overvekt inn i risikovurderinga. Som det framgår av "Håndboken", er det ikkje spesielle kriterium for etterundersøking pga. triglyseridverdiar. Når ein tilrår etterundersøking pga. dei vanlege kriteria, står triglyseridverdien oppført på meldekortet. Triglyseridverdien står ikkje på svarbrevet til dei frammøtte, men verdien står på listene som legane fekk over alle som hadde møtt til screening. Dersom triglyseridane er 5 mmol/l eller over, vil dette stå i OBS-kolonnen til høgre i listene.




TIL SLUTT

vil vi rette ein hjarteleg takk til den enkelte kommunelege, helsesyster, allmennpraktikar, og til fylkeslegekontoret og frivillige helseorganisasjonar, for samarbeidet ved denne undersøkinga. Samarbeidet har gått heilt knirkefritt og har vore særslig positivt. Vi har merka oss all aktivitet som har gått føre seg for å gjøre undersøkinga kjent og for å drive helseopplysning. Vi har sett særleg pris på samarbeidet med fylkeslegekontoret ved undersøkinga.

Vel blåst! VI GLER OSS TIL NESTE RUNDE!

Med vennleg helsing frå
Statens helseundersøkelser

MENN OG KVINNER - 40-42 ÅR VED UNDERSØKINGANE



■ Menn ■ Kvinner

Kilde: Statens helseundersøkelser

HJARTE-KARUNDERSØKINGA I HORDALAND. ALDER 40-42 ÅR

År	MENN										KVINNER									
						Gjennomsnittleg										Gjennomsnittleg				
	Invi- tere Talet på	Fram- møte %	Etter- u.s. %	Kole- ster. ↓ mmol/l	Tri- glyc. ↓ mmol/l	Syst. B.T. ↓ mmHg	Diast. B.T. ↓ mmHg	Dagl. røyk. %	Inf- risk ein.	Invi- tere Talet på	Fram- møte %	Etter- u.s. %	Kole- ster. ↓ mmol/l	Tri- glyc. ↓ mmol/l	Syst. B.T. ↓ mmHg	Diast. B.T. ↓ mmHg	Dagl. røyk. %	Inf- risk ein.		
BERGEN																				
1993	4430	62.6	15.6	5.74	1.98	132.0	80.0	41.5	32.3	4244	72.3	4.6	5.38	1.19	122.2	75.5	40.8	4.3		
ETNE																				
1993	83	75.9	9.5	5.62	2.09	135.3	80.2	31.7	31.3	63	87.3	3.6	5.30	1.33	124.6	76.8	29.1	3.8		
ØLEN																				
1993	68	69.1	14.9	5.81	2.22	134.2	78.0	27.7	28.6	54	88.9	2.1	5.25	1.30	123.0	75.8	25.0	2.9		
SVEIO																				
1993	123	72.4	15.7	5.81	2.16	131.3	77.9	44.9	37.8	113	85.8	4.1	5.33	1.33	123.0	75.9	37.1	4.7		
BOMLO																				
1993	230	76.5	20.5	5.93	1.94	134.1	81.5	46.0	35.6	186	89.2	4.8	5.81	1.30	125.6	79.0	33.1	6.1		
STORD																				
1993	315	71.4	16.9	5.73	1.92	135.1	82.7	40.4	36.1	311	84.6	3.4	5.46	1.18	125.0	78.7	38.0	4.2		
FITJAR																				
1993	91	82.4	13.3	5.79	2.06	135.0	80.8	41.3	29.7	69	85.5	3.4	5.69	1.25	126.1	77.4	33.9	3.9		
TYSNES																				
1993	65	69.2	8.9	5.76	1.64	133.6	81.5	37.8	25.9	52	71.2	0.0	5.30	1.22	122.3	76.8	27.0	2.8		
KVINNHERAD																				
1993	288	76.4	11.8	5.47	1.79	132.6	78.5	36.4	27.5	255	86.3	1.8	5.16	1.13	122.9	75.9	41.8	4.0		
JONDAL																				
1993	31	90.3	3.6	5.08	1.57	133.3	76.1	25.0	16.4	22	100.0	0.0	4.86	0.98	121.2	72.9	31.8	2.3		
ODDA																				
1993	175	74.9	14.5	5.61	2.14	133.6	81.6	49.6	30.6	128	88.3	4.4	5.30	1.26	126.2	77.8	41.6	5.3		
ULLENSVANG																				
1993	76	77.6	11.9	5.51	1.84	134.2	80.4	37.3	24.5	80	81.3	0.0	5.09	1.09	122.0	74.5	32.3	2.5		
EIDFJORD																				
1993	27	70.4	15.8	5.70	2.12	135.7	83.4	52.6	27.9	18	83.3	0.0	5.74	1.56	128.7	80.7	46.7	6.8		
ULVIK																				
1993	31	58.1	22.2	5.86	1.68	140.4	82.7	44.4	38.8	24	75.0	11.1	5.37	1.53	131.4	79.4	38.9	4.5		
GRANVIN																				
1993	25	76.0	5.3	5.51	2.11	130.4	80.9	26.3	18.3	21	95.2	0.0	5.30	1.41	125.3	78.3	35.0	3.6		
VOSS																				
1993	274	73.0	14.5	5.57	1.90	137.8	83.2	38.0	29.1	259	82.2	1.9	5.22	1.23	125.6	77.5	34.7	3.4		
KVAM																				
1993	172	82.0	9.9	5.33	1.64	132.6	78.4	43.3	24.0	150	92.7	1.4	5.03	1.10	124.7	75.8	35.3	3.2		
FUSA																				
1993	72	73.6	18.9	5.68	2.20	134.9	78.8	37.7	32.1	62	90.3	5.4	5.24	1.25	128.5	78.2	28.6	3.3		
SAMNANGER																				
1993	57	73.7	4.8	5.60	2.13	131.8	80.1	23.8	20.0	52	84.6	2.3	5.49	1.14	125.6	76.6	40.9	3.7		
OS																				
1993	327	71.6	17.5	5.86	2.30	136.3	82.3	35.9	36.5	299	82.6	3.2	5.36	1.26	126.2	77.6	34.0	4.5		
AUSTEVOLD																				
1993	86	64.0	18.2	5.78	1.62	133.2	79.9	41.9	31.9	71	85.9	6.6	5.57	1.28	124.0	74.3	26.2	4.1		
SUND																				
1993	129	72.1	19.4	5.87	2.01	133.4	80.7	53.8	45.4	116	88.8	5.8	5.46	1.43	125.1	77.0	40.8	4.6		

HJARTE-KARUNDERSØKINGA I HORDALAND. ALDER 40-42 ÅR

År	MENN										KVINNER									
						Gjennomsnittleg										Gjennomsnittleg				
	Invi- terte Talet på	Fram- møte %	Etter- u.s. %	Kole- ster. ↓ mmol/l	Tri- glyc. ↓ mmol/l	Syst. B.T. ↓ mmHg	Diast. B.T. ↓ mmHg	Dagl. røyk. %	Inf.- risk ein.	Invi- terte Talet på	Fram- møte %	Etter- u.s. %	Kole- ster. ↓ mmol/l	Tri- glyc. ↓ mmol/l	Syst. B.T. ↓ mmHg	Diast. B.T. ↓ mmHg	Dagl. røyk. %	Inf.- risk ein.		
FJELL 1993	425	77.9	18.4	5.83	1.95	134.2	81.8	41.7	39.6	368	78.5	3.5	5.45	1.23	125.3	77.8	34.9	4.7		
ASKØY 1993	438	72.8	17.9	5.75	1.99	134.9	81.8	44.5	35.4	421	85.3	5.3	5.40	1.20	125.4	77.9	41.5	4.4		
VAKSDAL 1993	87	70.1	19.7	5.81	1.97	135.2	80.2	37.7	37.4	75	86.7	10.8	5.55	1.17	125.4	76.8	41.5	4.8		
MODALEN 1993	8	62.5	40.0	5.35	1.91	127.0	82.2	40.0	18.4	8	62.5	0.0	5.80	1.48	128.2	79.4	60.0	4.2		
OSTERØY 1993	164	79.9	16.8	5.68	2.13	136.2	82.3	41.2	34.0	144	83.3	5.0	5.50	1.40	127.8	78.7	31.7	4.9		
MELAND 1993	112	74.1	18.1	5.59	2.19	133.5	81.8	36.1	26.6	121	87.6	7.5	5.27	1.10	124.5	76.4	28.3	4.5		
ØYGARDEN 1993	84	61.9	15.4	5.47	2.09	134.6	81.2	40.4	25.2	58	87.9	0.0	5.17	1.12	125.5	75.5	39.2	4.1		
RADØY 1993	87	80.5	11.4	5.45	2.00	135.9	80.1	45.7	27.6	82	89.0	4.1	5.27	1.15	128.4	77.9	37.0	4.5		
LINDÅS 1993	286	73.4	18.6	5.93	2.03	137.4	83.7	35.2	38.4	286	87.4	4.0	5.57	1.17	127.5	78.6	38.4	4.9		
AUSTRHEIM 1993	70	77.1	31.5	5.90	2.12	132.4	79.4	50.0	42.0	65	76.9	6.0	5.35	1.37	127.1	76.3	42.0	4.3		
FEDJE 1993	13	76.9	40.0	6.43	2.30	133.9	80.7	50.0	64.6	9	100.0	0.0	5.26	1.37	133.1	84.4	22.2	3.5		
SFJORDEN 1993	34	70.6	29.2	6.26	1.67	139.0	82.5	37.5	54.2	27	96.3	0.0	5.63	1.11	123.8	76.0	34.6	4.2		
TOTALT 1993	8983	68.5	16.0	5.73	1.99	133.5	80.7	41.0	32.9	8313	78.6	4.2	5.38	1.21	123.9	76.5	38.4	4.3		

HJARTE-KARUNDERSØKINGA I HORDALAND. ALDER 65-67 ÅR

År	MENN										KVINNER									
						Gjennomsnittleg										Gjennomsnittleg				
	Invi- terte Talet på	Fram- møte %	Etter- u.s. %	Kole- ster. ↓ mmol/l	Tri- glyc. ↓ mmol/l	Syst. B.T. ↓ mmHg	Diast. B.T. ↓ mmHg	Dagl. røyk. %	Inf.- risk ein.	Invi- terte Talet på	Fram- møte %	Etter- u.s. %	Kole- ster. ↓ mmol/l	Tri- glyc. ↓ mmol/l	Syst. B.T. ↓ mmHg	Diast. B.T. ↓ mmHg	Dagl. røyk. %	Inf.- risk ein.		
BERGEN 1993	2587	70.2	25.4	6.31	1.94	148.1	86.8	28.6	59.1	3072	75.5	15.1	7.08	1.75	147.5	83.5	22.5	16.6		
OS 1993	127	76.4	25.8	6.23	2.11	150.3	87.9	27.8	56.7	116	84.5	19.4	7.09	1.95	153.9	87.0	15.3	17.5		
FJELL 1993	114	73.7	23.8	6.27	1.80	149.3	87.4	28.6	66.6	114	69.3	25.3	7.27	1.79	152.5	86.7	10.1	18.5		
ASKØY 1993	177	79.1	35.7	6.32	1.87	150.5	87.0	35.7	77.8	206	77.7	15.0	6.98	1.86	150.7	83.5	15.0	16.6		
TOTALT 1993	3005	71.1	26.1	6.30	1.94	148.4	86.9	29.0	60.5	3508	75.7	15.6	7.08	1.76	148.1	83.7	21.4	16.7		

